



STIFTELSEN BYMUSEET I BERGEN  
Postboks 4052 Sandviken  
5835 BERGEN

Dato: 14.02.2018  
Vår ref.: 2017/16443-4  
Saksbehandlar: inggase  
Dykkar ref.:

## Høring - driftsavtale - Bymuseet i Bergen - Politisk vedtak

Vi viser til vedtak i politisk sak, PS 10/2018, handsama i utval for kultur, idrett og regional utvikling 23.01.2018. Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling tek utkast av driftsavtalar til vitande.*
2. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber om at fylkesrådmannen sine anbefalingar vert innarbeida i revidert avtale og rår til at endring av vedtekter ikkje vert gjort før det føreligg nye driftsavtalar.*
3. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling bed om at driftsavtalen vert utforma i tråd med nasjonale, regionale og kommunale føringar.*

For innsyn i saka sjå <http://einnsyn.hfk.no/einnsyn/Dmb/DmbMeetingDetail?meetingId=669>

Hordaland fylkeskommune har som museumspolitisk hovudmål å styrke dei konsoliderte musea si rolle i samfunnet. Eit viktig regionalt verkemiddel for å styrke dei konsoliderte musea sine utfordringar og vidareutvikle gjeldande satsingar frå «Regional plan for museum 2011-2015», er gjennom tilskotsordninga *museumsløft*. Dei andre konsoliderte musea i Hordaland skal etter kvart i gong med å revidere sine driftsavtalar. Bymuseet har fått tildelt 220.000,- frå *museumsløft 2017* til juridisk bistand for revisjon av driftsavtalar. Vi håper dei andre konsoliderte musea kan nytte erfaringar frå Bymuseet når dei skal revidere sine avtalar. Dette er i tråd med anbefalingar frå evalueringsrapporten om museumsreforma, som mellom anna anbefalar at avtaleverket mellom dei konsoliderte einingane og eigarstyra vert revidert og at juridisk kompetanse vert trekt inn i prosessen. Målet med revisjonen bør vere at intensjonen med konsolideringa vert oppretthalden og at avgjersle i samband med drift og retten til å ta avgjersle på drift, i sin heilskap, vert overført til den konsoliderte eininga.

Vi ynskjer Bymuseet lukke til med prosessen og håper at ein kjem i hamn med driftsavtalane.

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Inger Lena Gåsemyr  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
BERGEN KOMMUNE BYRÅDSAVDELING FOR KLIMA, KULTUR OG  
NÆRING  
KULTURDEPARTEMENTET